

## MIDTVEGSEVALUERING – NOR1301, vår2024, Ronny Spaans

Det er 13/14 som har gjort obligatorisk innlevering på dette kurset. Til denne timen (15.4.2024), då vi (litt forseinka) gjorde midvegsevaluering, møtte seks personar opp.

a) Kommenter hvordan du vurderer din egen innsats i undervisningen til nå. Begrunn svaret ditt.

Dei fleste førebur seg godt. «Føler jeg har gitt det jeg kan av arbeidsinnsats». Men ein person skriv han/ho kunne vore meir aktiv i timen. Nokre skriv òg at dette kurset kjem litt i skuggen av nor1300 med stort pensum og mange krav til studentane.

b) Er det noe ved undervisningen du opplever som spesielt lærerikt? I så fall hva?

Hekseprosessane går att i svara til studentane. Det var eit høgdepunkt. Ein nemner òg reiselitteraturen, altså boka til Frederik Bolling. Ein annan nemner føredraget om skillingsviser. Det er hyggeleg å lesa at studentane òg trekkjer fram ein «engasjert foreleser» og «ryddige powerpointer».

c) Er det noe ved undervisningen du opplever som vanskelig? I så fall hva?

Generelt synest ein del at språkbruken i desse gamle tekstane er vanskeleg, likeins dei retoriske tropane og figurane vi jobbar med. Mange nemner her særleg Anders Arrebos «Hexaemeron». Ein student skriv at det er litt rotete på canvas og at pensum-litteraturen kunne ha kome betre fram.

d) Er det noen temaer i studielitteraturen du kunne tenke deg å få nærmere belyst i undervisningen?

Her nemner studentane atter litteraturen kring hekseprosessane og også reiseskildringa til Bolling. Det er òg litt ulikt syn på tidsbruken. Ein person vil ha meir undervisning, mindre gruppearbeid. Ein meiner det går langt imellom undervisningstimane.

e) Vil de ha flere eller færre ekskursjoner / sosiale sammenkomster på kurset?

Alle bortsett frå éin seier ja til dette. Sosial samankomst «gjorde klassen tryggere, fint i forhold til gruppearbeid». Ein person etterlyser besøk til arkiv for å kike fysisk på gamle bøker og verk.

Mine kommentarar: Eg er glad dei endringane eg har gjort på dette kurset, har falle i smak. Særleg utvidinga av pensum, ei utviding frå eit einsidig fokus på «skjønnlitteratur» (for å bruke eit moderne ord) til innleming sakprosa (for atter å bruke ahistoriske ord) og kart – reiseskildring og rettsdokument frå hekseprosessane. Eg skjønar at desse dokumenta kan eg bruke meir tid på – utfordringa her er å finne fleire litteraturteoretiske analysar av materialet. Bollings reiseskildring er eit nyfunn og bør koma ut i kommentert utgåve med modernisert skrift. Det vil gjera boka lettare å undervise i på dette innføringskurset. Eg har òg ført inn Arrebos «Hexaemeron» i dette kurset (eit verk som truleg var pensum for mange tiår sidan!). Dette er eit vanskeleg verk, men samtidig perfekt for dette kurset, for det er vel det einaste skikkelege renessanseverket i dansknorsk litteratur. Obligatorisk oppgåve var

om denne boka, og alle gjorde det svært bra her. Så det har gått betre enn dei tenkte. Andre moment må eg tenkje nøyare gjennom: Eg har gjort dette kurset til 3 timars kurs – dermed blir det av og til litt lengre tid mellom øktene. Til neste time tek eg med nokre 1600-talsbøker frå mi private samling, så studentane får ei fysisk oppleving av bøker i pergament og «klutepapir»!